

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. 1 - 13

Herad: Tolga

Emne: Drikk til maten til
kvardags.

Bygdelag: Vingelen

Oppskr. av: Eystein Eggen

Gard:

(adresse): Vingelen

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eiga røynsle-

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Frå det første eg minnest , vart skomajølk brukt både til mat og drikk. Det hendte at ein fekk litt fløyte i sollen , men nysilt mjølk kom ikkje på bordet . Ho vart skoma og seinare blanda med rømme att . Folk brukar og denne måten enno , men blandinga med rømme har auka , og det er sjeldan å sjå at folk et berre " blå mjølk . " Ein må vel seia at forbruket av mjølk , særleg til mat , har minka , meddi at ei brukar så mykje av saftsupe. Samstundes er det slutt med heimeysting, og rein mjølkemat som dravle, ost , mølske og skjørst er ikkje lenger kvardagsføde .

2. Mjølk var den vanlege leskedrikken millom måltidene , særleg når ein hadde ete sild og salt kjøtt. Mjølka måtte vera kald så ho reiv litt i skrotten . Varm mjølk saman med pepar og brunsukker vart brukt som medisin når ein vart forkjøld.

3. Den mest brukte drikken var løypt mjølk (musu) eller "bland- dreck." Ein brukte og skjør - mjølk blanda med vatn (skyr) eller "saupblande." Det kom vel av at mjølka i den tilstand vart både sur og søt og framifrå til å sløkje tørsten med. Etter at kaffi kom i bruk og det vart sukker å få, gjekk det attende med bruken av myse, og no er det helst berre i slåttonna det blir drukke av han.

Øl .

4. Til slåttonna var det ein fast regel frå gamal tid å bryggja ei tunne med øl . Til emnefang vart det nytta turka byggkorn (malt). Dette maltølet vart brukt som onnedrikk til ikr. 1900, men i millomtida byrja folk med å bryggja øl av sirup både til lag og til onne . Dei heldt fram med dette til verds-krigen kom i 1940, og sia har det vore slutt med ølbryggjing av mangel på søtstoff.

Kaffi

5. Det vart neppe drukke kaffe til kvardags før i 1870- åra. Ei første handelsbuene vart åpna i den tida, og eldre folk ville gjerne ha ein lonk frå kjelen på morgonkvisten, men me som var unge drakk

ikkje kaffi, seier wali Hilmarson som nå er

89

år.

Det er vanleg at ein drikk kaffe morgon, middag og til nons, men det hender og at mange tek seg ein sup til gonger til gonger når dei fær høve til det.

8. Ein slær vatn på kjelen, og når det kokar, blir kaffien mælt i ka klæreskin, men dei gamle ville gjerne ha kaffe skira, og dei brukte kaffe turka fiskekinn. Det som spør i grugg har nok ingen reglar å gå etter.

9. Før brukte folk sundnaka toppsukker til kaffe. Prunsukker vart mindre brukt, men det var ein kvan som tykte dette var drygare å suga på. No er det klytt sukker (tablettar) som blir nytta av alle til kaffien.

10. Mange drikk svart kaffi, men mest vanleg brukar ein fløyte, elles drikk dei han ublanda. Dei som vil ha seg ein karsk, slær brennevin i han.

11. Ingen drikk te til kvardags. Hinskilde gonger, og helst når det kjem gjester, blir te brukt atåt kveldsmaten. Dei gamle brukte te i høgtidene.

12. Måtehalvane folk (og det er vel dei fleste) kjøpte ei flaske brennevin til jul for å ha ho til skjenk at gjester. Alles vart brennevin brukt i brylluper og av og til under dugnadsarbeid. På utferder vanka det og ein dram, og ein kunne komma opp i det med litt over tørsten, men i vanleg hushald vart måtehalvdeit strengt etterhalde.

Myrare drikk.

13. "et er berre ved festlege høve ein brukar kjøpe øl, brus og andre sortar. I heimene held folk seg til det som dei produsertar sjøl av leskedrikk.